

Ka skjedde?
Dauet han?





Shiiit! Eg
viste det!

**Erfaringar om korleis vi kan lese heile verk – ei
praktisk tilnærming**

FYLLINGSDALEN VGS





ABID RAJA

- Viktig, vellykket og svært god - av Bjørn Hagen, NRK
- «Sammen en helt annenledes politisk biograf. Og tokk for det!» - Magne Frøen, SVK
- «Vond og rystende som biograf!» - Bjørn Hagen, NRK



EN HISTORIE OM FRIGJØRING

CAPPELEN DAMM

Spørjeundersøking


Anekdotisk, men ikkje fiksjon:

24 av 24 elevar i 3STa hugsar namnet på hovudpersonane i *Fuglane*

«Men Jon, helt ærlig, eg får ikkje så mye utav å lese om en sånn gammel fyr på bygden. Det var mye mer interessant da du leste om de der utlendingene ...»



Før vi går laus på opplegga: Ein smule teori:



Litteraturundervisninga «... mister sin faglige dimensjon og blir til hygge, kos som skal styrke elevenes trivsel og velvære.» (Penne, 2012)

«Litteraturundervisninga i Noreg og Norden kan kritiserast for å legge for stor vekt på elevens røynsler og private opplevingar i møtet med litteraturen, og for lita vekt på å føre elevane inn i litterære konvensjonar og gi dei ei meir omgrepsorientert forståing av litteratur.» (Kjelen, 2015)

Tarjei Vesaas: *Fuglane* (1957)

Mål: Skrive eit essay med utgangspunkt i *Fuglane*.

Då må vi jo fyrst lese romanen. I tillegg ville vi fokusere på natur-tråden i læreplanen:

*utforske og reflektere over hvordan tekster fra den realistiske og den modernistiske tradisjonen framstiller menneske, **natur** og samfunn*

Vi starta med førlesingsoppgåver:

Førlesingsoppgåve 1: Å tolke naturen som teikn

- Kan du finne nokon døme på korleis ein kan tolke teikn i naturen?
- Finn fleire slike døme. Om naudsynt: Google!




Førlesingsoppåve 2: Minne – fortell om noko du har opplevd, ei erfaring du har frå naturen.

- Skriv om ein gong du var redd for eller redd i naturen.
- Skriv om ein gong du hadde det fint og følte deg trygg i naturen.

Vel ei av oppgåvene. Får du god tid, kan du svare på begge.

Skriving i 12 minutt!



Førlesingsoppgåve 3: Fugleskrift

«Det magiske hvis»

Dette er ikkje fuglespor, men fugleskrift. Fuglane har lagt igjen ein viktig beskjed!


Kva prøver fuglane å seie oss, trur du?

Skriv ein kort, kreativ tekst der fuglane har ordet. Du kan skrive det som eit lite dikt, eit lite drama, eit brev, ei forteljing – eller noko heilt anna!



Førlesingsoppgåve 4: Faktakunnskap


- Gå saman to og to. Bruk internett og finn ut:
 - Kva for ein type fugl er rugda? Skriv ein kort tekst der du gjer greie for typiske kjenneteikn på denne fuglen.
 - Kva for eit tre er ospetreet? Skriv ein kort tekst der du gjer greie for typiske kjenneteikn på dette treet.
 - Kva er lyn? Skriv ein kort tekst der du gjer greie for kva dette fenomenet er.



rugde – Store norske leksikon



Favoritter Wikipedia Meet – vrg-jcjt-vif

ugler / Sniper




Rugde er en stor og kompakt vadefugl med et langt og kraftig nebb. Den observeres gjerne ved veikanter i skogsområder på sene vårkvelder eller tidlig på morgenen.

Jan Eivind Østnes.
Lisens: [Begrenset gjenbruk](#)



Ruyda

Jorgen



Hege

Mattis

Høgtelsing med lesestopp: Fyrste kapittel

Mattis såg etter om himmelen var rein og skyfri i kveld, og det var himmelen. Så sa han til Hege syster si, for å kvikke henne opp:

- Du er som eit lyn du, sa han til henne.

Han gruste seg litt ved det ordet han tok i munnen, men på ein trygg måte, sidan himmelen var fin.

- Med stikkene dine, meiner eg, la han til.

Hege nikka likesæl og arbeidde vidare på den store kufta. Stikkene blinka. Ho arbeidde på ei svær åttebladrose som snart skulle sitje mellom okslene på ein kar.

- Ja eg veit det, sa Hege likefram.

- Men eg skjønar då på deg òg, Hege.

Han tippa sakte med langfingeren mot kneet sitt – som alltid når han tenkte. Opp og ned, opp og ned. Hege hadde for lang tid sidan slutta og bedi han halde seg ifrå denna trøyttande vanen.

Mattis heldt fram:

- Men du er ikkje berre eit lyn med åttebladrosene, det er med alt du finn på.

Ho slo det bort:

- Ja ja ja.

Mattis tagde nøgd.

Det var det å få ta ordet lyn i munnen, som var så freistande for han. Det laga seg nokoslags merkelege tverr-render inni skallen når han brukte ordet lyn, syntest han, og han drogst mot det. Lynet på himmelen var han dødsens redd – og han brukte aldri ordet i lummert og tungskya sommar-ver. I kveld var her trygt. Torever hadde det alt vore to gonger i vår, rektig dundrande òg. Mattis hadde som vanleg gøymt seg på do medan det stod på som verst – for noken hadde ein gong sagt han,

at i eit slikt hus hadde aldri noko lyn slegi ned. Om det galdt for heile verda, visste ikkje Mattis, men her på staden hadde det i alle fall stemt velsigna til denne dag.

- Lyn ja, mumla han, liksom stadig vendt til Hege, som var lei dette brå-skrytet hans i kveld. Men Mattis var ikkje ferdig:

- Eg meiner: til å tenke òg, sa han.

Då såg ho opp fort, som ho vart redd, det var rørt ved noko farleg.

- Det er nok no, for denne gongen, sa ho, stivt avvisande.

- Kva er det? spurte han.

- Ikkje noko. Sit berre i ro du.

Hege fekk gøymt bort att det som ville fram. Så lenge hadde nemleg vanlagnaden med den tuslete broren eti henne, at når Mattis brukte ordet tenke, så for ho saman og kjende eit stikk.

Mattis hadde merkt noko, men sette det i hop med det evige samvetsnaget han hadde fordi han ikkje arbeidde som andre folk – og han kom lirande med den gamle lekse her i huset:

- I morgon må du finne på noko å gjera for meg. Dette går ikkje lenger.

- Ja, sa ho bort i veret.

- No kan eg ikkje sjå på det lenger. Eg har ikkje skaffa noko til huset på –

- Nei det er lenge sidan sist du kom med noko, datt det ut av henne litt uvarleg, litt skarpt. Ho angra seg straks det var for seint, på detta punktet tolde ikkje Mattis det aller minste, når han ikkje sa det sjøl.

- Slik skal du ikkje seia til meg, fortalde han henne og var rar i andletet.

Ho vart raud, og bøygde hovudet. Medan Mattis på si side heldt fram:

- Du skal tala til meg som folk.
- Ja det skal eg.

Hege sat med bøyt hovud. Kva skulle ein gjera med detta umogelege? Det ville breste for henne av og til – og så vart orda sårande.

Skriv i Google-dokumentet ditt.

1. Noter ned to sitat du likte godt.
2. Kva inntrykk har du fått av Mattis?
3. Kva forhold har Mattis til lyn? Merk deg: *ordet* lyn og *naturfenomenet* lyn.
4. Kva inntrykk har du fått av Hege?
5. Kan du skildre forholdet mellom Mattis og Hege?
6. Kva trur kan kome til å skje vidare?
7. Romanen har ein tredjepersonsforteljar. Kan du seie noko om synsvinkelen?

Nærlesing: Mattis og rugdetrekket:

Just no var det at den store hendinga kom:

Med han grunna, og hadde syner av Hege som gjekk sin veg, sat han på den gamle plassen sin på stogetrammen og såg over vatnet bort i vestliene. Vatnet var svart no, og liene djupna og mørkna. Fin sommarskuming overalt i himmel og på jord. Mattis var slett ikkje blind for slike ting.

(...)

Men så var der ein liten ljod! Ein rar låt med eitt. Og nokre stutte, kavande vengeslag kunne han samstundes skimte i lufta over seg. Så nokre låge kalleljod att, på eit hjelpelaust fuglespråk.

Det fór rett over huset.

Men det fór òg tvers gjennom Mattis.

Han kom i eit stumt egse inni seg, sat vak og forvilla:

Var det noko unaturleg?

Nei, det var alt anna, men.

Det var rugde som hadde flaksa over her. Og det gjorde ikkje rugda på slump, på denne tid av dagen: Her var lagt rugdetrekk over huset hans!

Når hadde det byrja?

For det hadde ikkje funnist her før om vårane. Ikkje i all den tid han kunne minnast. Han hadde då ofte vori ute så seint at han ville sett og høyrte det gå her.

I kveld gjekk det altså rett over her, over Hege og han. Og slik ville det dermed gå heretter, kvar einaste morgon og kveld.

Mattis såg på huset sitt, det vart som eit anna hus no, ein måtte sjå på det med andre auge.

Spørsmål til «Mattis og rugdetrekket»

- På kva måte er Mattis i kontakt med naturen i dette utdraget?
- Korleis reagerer Mattis på at det har kome eit rugdetrekk over huset hans?
- Korleis vil du tolke den siste linja: «Mattis såg på huset sitt, det vart som eit anna hus no, ein måtte sjå på det med andre auge.» Tips: Kva er eit hus – både konkret og kanskje symbolsk?
- Kva haldning har Mattis til naturen? Økosentrisk eller menneskesentrert?

Mattis og rugdetrekket:

Mattis vurderer naturen – synes den er fin.

Han vert «egse»: oppøst, i ekstase, oppspilt, i affekt.

Mattis hører fuglelyden.

Men også uroleg!

Mattis ser på vatnet

Mattis opplever seg sjølv som ein del av naturen (økosentrisk)

Han føler noko i kroppen.

Han ser («skimtar») fuglen.

Huset hans har endra seg. Rugda er eit teikn på noko nytt? Huset er utvald. Og dermed er Mattis utvald?

...er det at den store hendings kom:
...en grunna, og hadde syner av Hege som
gjekk sin veg, sat han på den gamle plassen sin på
stogetrammen og såg over vatnet bort i vestliene. Vatnet
var svart no, og liene djupna og mørke. Fin
...overalt i himmelen for slike ting.
...var der ein li
...stutte, kavande ven
...kunne han
...imte i luften over seg
...nokre l
...kalleljod
...rett over huset
...Men det fór og tvers gjennom Mattis.
...om i eit stumt egse inni seg, sat vak og forvilla:
...Var det noko unaturleg?

...nei, det var alt anna men
Det var
over her. Og det
slump, på denne
rugdetrekk over
Når ha
For det had
...e funnist her
...e i
...n tid han kunne
...e d
...e vori ute så
...tt o
...yrt det gå her.
...ekk
...altså rett over
...slik ville det
...dermed gå heretter, kv
...einaste morgon
...og kveld

...åg på i huset sitt, det vart
...no, ein måtte sjå på det

Utforsk teksten:

- Oppsummer kva som skjer når Mattis skal arbeide i Turnips-åkeren.
- Vil du seie at kjæresteparet, bonden og kona er slemme mot Mattis?
- Kvifor føler Mattis seg utanfor?
- Kva overhøyrer han når han går ut frå kiosken?
- Korleis er Mattis sitt forhold til arbeid?
- Dersom du kunne opprette ein perfekt arbeidsplass for Mattis – korleis ville den vore?

Reflekter:

- Les denne NRK-saka: <https://www.nrk.no/osloogviken/nesten-ingen-er-sa-heldige-som-ingrid-og-isabella-hos-eiker-vekst-1.16190010>

Kvifor er arbeid så viktig for folk? Kva er viktig med arbeid utover det ein produserer/utfører/tjener?


Har du sjølv hatt eit arbeid du ikkje føler du har meistra?

Snart skal du sjølv ut i arbeidslivet... Korleis ser du på det? Kva ser du fram til? Kva fryktar du?

TEMASKJEMA

På eigenhand:

- 1) Fyll inn så mykje du klarer på alle dei foreslåtte temaa.
- 2) Fyll inn eit tema du har tenkt på i den tomme raden

I gruppe: 


Tema/tittel	Stikkord	Kva seier romanen? / sitat	Har du eigne erfaringar?	Andre tekster du har lest i norskfaget og elles?
Mattis ein som outsider i samfunnet				
Mattis sitt forhold til naturen				
Mattis - poeten/ kunstnaren				
Mattis - lengsel etter <u>mestring.</u>				
Mattis - familie og relasjonar				

- 1) Samanlikn listene dykkar og diskuter dei ulike temaa.



Fungerte dette?

- Kort svar: Ja!
- Kva fekk vi, som vi ikkje hadde fått om vi berre hadde lese eit utdrag eller ei novelle?
- Ei felles oppleving
- Nynorskbading
- Litterær kondistrening
- Skjerpa blikk for analyse og tolking
- Interessante diskusjonar om det å vere annleis
- Kanskje nye blikk på fenomen i naturen?
- Og det mest sjølvsegte: Grundig djupnelæring med utgangspunkt i læreplanmål og solid ballast til eksamen (kanskje spesielt munnleg eksamen)



Kontekst: Pandemi, nedstenging og klima.

Ein fordel med dikt: Det er fort gjort å lese!
Fordelen med diktsamlingar: Stort sett går det
fortare å lese ei diktsamling enn ein roman ...

I tillegg: Mange av dei beste diktbøkene frå dei
siste åra er konseptuelle, altså at dei heng saman
og at det ikkje alltid er så lett å plukke ut
enkeltdikt.



Arbeidsplan uke 8 - 13: Romantikken og vår tid

Læreplanmål:

- utforske og reflektere over hvordan tekster fra romantikken og nasjonalromantikken framstiller menneske, natur og samfunn, og sammenligne med tekster fra nyere tid


Konkret betyr det at vi skal lære:

- å sammenligne romantiske tekster med nyere tekster
- hva romantisk kunst er
- framgangsmåte og begrepsapparat for diktanalyse
- å skrive en tekst der vi sammenligner to dikt

Vi skal lese:

Dette er andre dagar, Ruth Lillegraven

Diverse dikt fra romantikken



Også er planen å lese boka, kose oss med ho, samstundes som vi lærer ei rekkje lyrikkfaglege omgrep.

Lese boka mens vi:

- Lærer (eller repeterer) viktige omgrep frå lyrikken
- Skriv om dikta og bruker omgrepa vi lærer om (slik at vi liksom øver oss på å skrive ei dikttolking)
- Snakkar om innhaldet
- Jobbar med eitt lyrikkfagleg omgrep per dikt:
 - Motiv, det lyriske eg, form (strofer, vers, rytme, rim), kontrast, gjentaking, alliterasjon, metafor, simile osb.

- Kva er motivet?
- Kva er tema?

- Motiv: Det konkrete, det du «ser»
- Tema: Det abstrakte, det du tolkar deg fram til.



(prolog)

det er færre
fly, båtar og bilar
mindre røyk frå
pipene i kina

himalaya kan
sjåast frå india

himmelen stilnar
himmelen klarnar

fiskeørna kjem tilbake
dagpåfuglauga faldar ut
vengene for første gong

nokon har meir tid
mange har mindre tid
alle har anna tid

folk ligg i hi, høyrer om
basale reproduksjonstal
molekylær immunologi
kriselover, konkursar

overalt
ser dei teikningar
av den taggete kula
som har heimsøkt
landet og kloden

me lagar mat
og vaskar opp
prøver å jobbe
lærer bort ting
me ikkje kan

for slik lyder
statens ord

ikkje dra på hytta
jobben eller puben
ta instruksar ta ansvar
halde avstand halde fred

og me innstiller omstiller
tilpassar oss, slik ingen
skulle tru at nokon
nordmann kunne

me vaskar hender
til dei tørkar inn og
sprekk opp

me trøystar og trygger
kranglar og klagar

me lengtar etter
ein dag igjen å vere
mange og seine på fest
å stå ved ein kjøkkenbenk
varme og yre, klirre glas
og kysse kinn


og så er det dei andre
dei som ikkje kan bli i hi
dei som ikkje kan lengte

dei tek farvel med familien
flyttar ned i kjellaren med
hybelkomfyr under armen
må ut i krigen for å møte
det som trugar med
å sprengje alle
rammer

det som
kanskje starta med at
mennesket rota seg inn
i habitatet til flaggermusa

som no svevar mellom oss
flyttar seg frå land til land

stengjer frisøren i nice
kaffibaren i beirut
rorbua i lofoten



og medan folk
fryktar for foreldre
finansar framtid, medan
talet på smitta innlagde og
permitterte stadig aukar og
me går åleine i skog og
ved sjø, høyrer me
kviskinga

det store treet
krokete og knudrete

grunnen under
trøytt og tørr

legg du øyret mot han
kan du høyre eit sukk
der inne

men grunnen finst
og treet, menneskeætta
finst, står med røtene
djupt nede i bakken


blada heng
i sterke små stilkar

dei blafrar og snur seg
vender nervetrådane
mot kvarandre

og så
høyrer dei orda
som blir kviskra
frå stamma og
grunnen

du er berre
eit lite blad

eit lite blad
på det store
treet



DET LYRISKE EG

Det lyriske eg = den «instansen» som «snakkar» i diktet. I episk dikting har vi ein forteljar, i lyrikk har vi det lyriske eg.

Dette lyriske eg-et kan vere tydeleg eller meir skjult. Uansett om det står "eg" eller ikkje, bruker vi omgrepet "lyrisk eg" om den instansen som formidlar orda i diktet.

Nokre gonger formidlar eg-et noko som kan likne ei forteljing, andre gongar formidlar eg-et berre ei stemning, ei kjensle, ein augneblink.

LYRISK EG I (PROLOG)

Kva slags «lyrisk eg» har vi her? Er det synleg eller skjult?

Korleis vil du karakterisere eg-et her? Kva "gjer" det lyriske eg: observerer? Deltek? Forel ei historie? Formidlar ei stemning?

Korleis kan vi skrive om det lyriske eg i ei dikttolking?

OM LYRISK EG I (PROLOG)

Diktsamlinga *Dette er andre dagar* av Ruth Lillegraven (2020) opnar med diktet "(prolog)". Her finst ikkje eit uttalt "eg". I starten av diktet er det som om det lyriske eg-et observerer verda og kloden utanfrå: "folk ligg i hi" og "overalt/ser dei teikningar/av den taggete kula". I delar av diktet kan eg-et "sjå" kva som skjer i heile verda frå Lofoten til Beirut. Men det er eg også delar der det lyriske eg-et ikkje berre observerer, men også deltar i handlingar som skjer i diktet. I desse partia er eg-et ein del av eit "me", altså eit vi: "Me lagar mat / og vaskar opp / prøver å jobbe". Kanskje er dette vi-et alle menneska på jorda? Eller er det eit mindre "vi", det vi-et som det lyriske eg-et er ein del av - ein familie i Noreg? - som her: "og me instiller omstiller /tilpassar oss, slik ingen/skulle tru at nokon nordmann kunne"

VI LES (DAGANE) S. 12-20

I arbeidsdokumentet ditt: Kva slags «lyrisk eg» har vi her?

Korleis vil du karakterisere eg-et her? Kven er eg-et trur du? (Alder? Kjønn? Yrke? Familie?)

Kva "gjer" det lyriske eg: observerer? Deltek? Fortel ei historie? Formidlar ei stemning? Kva haldning har eg-et til det som skjer?

BESJELING

Kva besjeling finn de her? Kva effekt
har den?

under finst enno isen

me ser han ikkje
men skjønar at
han er der

vinter møter vår
vår møter vinter

gi oss fred
knakar grunnen

me var her først
kviskrar han

KORLEIS FUNGERTE DET?

- Fram til og med
- Bør vi fornye
- Men å lese ma
kondistrening
- Vi blir betre p
- Sidan mange
komplisert å s
tradisjonen so

Nytt frå denne veka,
klasseromma på
Fyllingsdalen, vg2: Kanskje
vi ikkje treng bytte ut dette
opplegget, likevel, iallfall
ikkje pga. pandemi-
tematikken.

OPSI Stopp
ssen!

ktuell
ong litterær
at ikkje alt er enkelt
n, er det ikkje veldig
og den modernistiske
st framleis!

ABID RAJA

«Viktig, vellykket og evig god»
— Jan Erik Solheim, NRK

«Jannet er helt anderledes politiskebiografi. Og takk for det!»
— Ole Frithjof Norheim, NRK

«Vond og rystende selvbiografi»
— Bjørn Einarsson, NRK



EN HISTORIE OM FRIGJØRING

CAPPELEN DAMM

Arbeidsplan uke 42 - 49

TEMA: Ætt og ære (familie)

Læreplanmål:

- lese norrøne tekster i oversettelse og sammenligne dem med tekster fra nyere tid
- skrive fagartikler som gjør rede for og drøfter tekster i kontekst
- bruke tilbakemeldinger og kunnskap om språk, tekst og sjanger til å utvikle egne tekster

Tekster:

Abid Raja: *Min Skyld* (2021)

Sagaen om Gunnlaug Ormstunge, nedskrevet på 1200-tallet

Eddadikt: Håvamål (evt Trymskvída)

S. 114

Kjærlighetsfeber.

«Det var vondt på et dypere plan, følte verre enn om jeg hadde hogget meg i foten med en øks. Den indre smerten spredde seg utover i armer og bein, hode og føtter fra innerst i ryggmargen. Jeg hadde vondt i sjelen, vondt i kroppen, hele tilværelsen min var smerte og pine.»

Skriv i fem minutter: Hva bør Abid gjøre for å takle sorgen, synes du? Fortsette å være med Nadia i hemmelighet? Konfrontere familien? Holde ut? Get over it? Skriv et kort brev til Abid med dine beste råd for å takle kjærlighetssorg.







S 130

«Erre kult å være polliker, eller?»

«Uansett hva jeg sa, la jeg til «Carl Ivar» på slutten av setningen. Det var en hersketeknikk som irriterte ham grenseløst.»

Skriv i fem minutter: Hva er hersketeknikker? Har du noen eksempler på sånne? (Bruk google hvis du ikke vet). Hva synes du om hersketeknikkene Abid Raja og kompisen Teepo bruker her?

JON O. HOVE



EN HISTORIE OM FRIGJØRING

GAPPELEN TJAMM

-Viktig, viktig og avdelt god-
-i sannhet en
-Vond og
rytende
-Vond og
rytende
-Vond og
rytende

Skriveoppgåve Vg2

NYNORSK:

Skriv starten på din eigen sjølvbiografi, gjerne inspirert av Raja. Skriv på nynorsk, minimum ei halv side og maks ei heil side. (Fontstørrelse 12, Linjeavstand: 1,5)

--

Før du skriv, bør du bestemme deg for kva du vil formidle om deg sjølv, og korleis du vil at andre skal sjå deg.

Kanskje kan du bruke nokre av desse spørsmåla til å komme i gang: *Kva var typisk for din oppvekst? Korleis er du oppdratt? Kva har du opplevd som har påverka deg til å bli den du er i dag? Er det nokre menneske du har hatt eller møtt i livet ditt som har vore spesielt viktige for deg? Kva hugsar du best frå feriane/kvardagane frå då du var liten?*

Forslag til startsetningar (bruk viss du vil, ikkje eit krav):

Kanskje er det mitt aller første minne i livet....

Som fjorten-åring var eg...

Mitt største problem har alltid vore at eg...

Når eg lukkar auga og tenkjer på barndommen min, kjenner eg lukta av...

Namnet mitt betyr....

Eg fekk min første egne mobiltelefon då eg var...

Korleis fungerte det?

- Boka fungerer glimrande i samspel med Gunnlaug:
 - Far/son, ære, mot, maskulinitet, å kjempe for kjærleiken, vere god til å snakke
- Også er det ein del utfordringar her:
 - Ikkje alle innvandrarfamiliar har ein slik æreskodeks og streng sosial kontroll som vi kan lese om i *Min skyld* ...
 - Boka er lang ...



